



DIMNA IDRETTSLAG
Dimna
6065 Ulsteinvik

Innbyding til Sparebanken Møre leikane i Ulsteinhallen 22. november 2025

Dimna IL har gleda av å invitere til ein ny sesong med innandørsstemne i Ulsteinhallen. Første stemnet denne sesongen vert Sparebanken Møre leikane som vert arrangert laurdag 22.11.2025.

Klasse	Stemnestart kl 11.00
Rekrutt	60 m og lengde
10 år	60 m, 200 m, lengde, kule
11-12 år	60m hk, 60 m, 200 m, 600 m, kule, høgde, stav, lengde
13-14 år	60 m hk, 60 m, 200 m, 600 m, lengde, høgde, stav, kule
15-19 år og senior	60 m hk, 60 m, 200 m, 400 m, 800 m, lengde, høgde, stav, kule
Senior	60 m hk, 60 m, 200 m, 400 m, 800 m, lengde, tresteg, høgde, stav, kule

PÅMELDING:

Påmelding gjer du i Isonen. **Påmeldingsfristen er tirsdag 18. november kl. 23.59.** Det er viktig at alle melder seg på via Isonen. Ev. etterpåmeldingar (mot dobbel startkontingent) vil også skje via Isonen fram til fredag 21. november. Etterpåmelding stemnedagen vil vi normalt ikkje kunne ta i mot.

STARTKONTINGENT:

Rekruttar og 10 års klassa: kr. 50,- pr øving. 11 år og eldre: Kr. 100,- pr. øving. Ein kan betale startkontingenten ved påmelding eller du kan krysse av for at det skal sendast faktura til klubben.

PREMIERING:

Det vert medaljar til dei tre beste i kvar øving i gute- og jenteklassene frå 11 år og eldre. I rekruttklassa og 10 års klassa er det deltakarpremie til alle. Det vert også deltakarpremiar til alle i klassene i 11 og 12 års klassa.

ANNAN INFORMASJON:

I alle løpsøvingane vert det tid avgjerande (ingen finalar). Vi har lagt opp til mange øvingar. Dersom du melder deg på i for mange øvingar kan det bli kort pause mellom øvingane. Ved unormale kombinasjonar kan det også bli kollisjon mellom øvingane. **I Ulsteinhallen er det berre lov med butte 6 mm innandørspiggar. Inne i hallen må ein også ha reine joggesko. Sko som blir brukt ute til oppvarming el.l. kan ikkje nyttast inne i hallen.**

Ytterlegare informasjon kan rettast til: Arve Hatløy tlf. 41 47 61 48 eller epost hatloy@hotmail.com. Informasjon om stemnet (tidsskjema og deltakarliste) vil også bli lagt ut på vår heimeside www.dimna.no.



**Sparebanken
Møre**